

Vatssvassdraget – kva skjer?

Vats Grendautval har saman med Vats bondelag og grunneigarlag engasjert seg sterkt i det forurensa Vatssvassdraget som har fått forringa vasskvaliteten opp gjennom dei siste 20 åra. Svært mykje må avrenninga frå landbruket ta skulda for, men også forureiningskjelder frå hus og verksemdar gjennom mange utan skikkeleg kloakkanlegg.

Grendautvalet fekk engasjert NIVA (Norsk Institutt for Vannforskning) v/Anders Hobæk i 2009 til å analysa vassprøvar frå Landavatnet og Vatsvatnet + tilførsellevane og bekkane til vatna.

Medl. i grendautvalet var med og tok desse prøvane fleire gonger og til ulike årstider.

Rapporten som NIVA laga på grunnlag av prøvane, synte eit vassdrag som det måtte gjerast noko med snarast.

Rapporten kosta 140 000 kr. Utgiftene vart dekkja av velvillige lokale firma/bedrifter i Vats, SMIL-midler i kommunen si landbruksavd. og Statens landbruksforvaltning.

Heile rapporten ligg på vatsnett.com under dokument/referat grendautvalet ved 25. aug. 2010 og kan lesast der.

Heile rapporten vart presentert på Folkemøte i Vindafjordhallen i november 2010

Grendautvalet har nå fått til ei **prosjektgruppe** som skal arbeida vidare med forslag til tiltak og innhenting av fagekspertise for å prøva og betra tilstanden i Vatssvassdraget. Aktuelle tiltak som er tekne opp i gruppa: tidspunkt og vertilhøve for spreiding av naturgjødsla, lagerkapasitet av naturgjødsla, ugjødsla randsoner mot elvar og bekker, kantsonevegetasjon, reinseparkar m.m.

Prosjektgruppa er samansett slik: Vats bondelag, Vats grunneigarlag, Vindafjord kommune v/landbruksavd., Haugaland landbruksrådgjeving og grendautvalet. Koordinator for denne gruppa er **naurforvaltar Harald Velde** som er høgskuleutdanna innan naturforvaltning og har arbeidd som lærar ved Tveit videregående skule.

Kommunen har løyvd 75 000 kr til prosjektgruppa dette året.

Gruppa har hatt møte og er under aktivt arbeid på ulike frontar.

Fylkesmannes miljøavd. + representantar frå Jærvassdraget har gruppa god kontakt med.

Jærvassdraget har arbeidd med tilsvarande prosjekt i fleire år. Erfaringsutveksling er viktig.

Øvre Vats 1. sept. 2011

Jon Olav Velde
- leiar i Grendautvalet-